

Jostein Alvsvåg  
Skarsvegen 367A  
5911 Alversund

20.02.18

Lindås kommune v/byggjesakavdelinga

**Innspel til Oppstart av kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen,utvida høyringsfrist.**

Eg vil i samband med revisjon av kommunedelplanen med dette søkja om omregulering av Gbnr.145/6 Teig 3 frå LNF til Areal for bustadbyggjing. Teig 3 er på totalt 27mål.

Dette er grunngevinga:

Delar av Teig 3 er alt omregulert

Ved forrige revisjon vart ca.5 mål av teig3 på totalt 27 mål avsett til areal for bustadbyggjing.

Dette ligg inne som B25 i arealplanen.

Delar av arealet er difor alt omregulert til bustadføremål.

Delar av dette arealet ligg i støysona mot Fv 404 og er difor ikkje optimalt mht. støyskjerming.

Arealet treng derfor uansett å utvidast mot aust for å koma klar støysona og slik få ei bedre arealutnytting.

Det er innregulert avkjørsel mot teigen i godkjend reguleringsplan for Fv 404 i samband med plan for etablering av fortau langs fylkesvegen.

Eksisterande infrastruktur

Det er offentleg vatn og kommunal avlaupsleidning i grensa på teigen.

Det same gjeld straumforsyning og fiberkabel.

Landbruks interesser

Teigen er klassifisert som beitemark, men terrenget er for det meste bratt med mykje stein og knausar. Det er difor lite egna for maskinell beiterydding, noko som er ein forutsetning for effektiv og lønsam landbruksdrift. Arealet ligg difor etter mitt syn meir i kategorien utmark enn beitemark.

Teigen er i dag ikkje idrift.

Det er alt etablert bustadar som grensar mot teigen ,noko som kan koma i konflikt med eventuell maskinell spreining av husdyrgjødsel dersom teigen likevel hadde vore i drift.

Eg driv ikkje sjølv garden i dag. Inn marksteigane vert imidlertid nytta som sauebeite av ein nabo. Produksjonen hans er begrensa og han disponerar nok beitemark både hos meg og nabogardane. Dette er teigar som er godt egna både når det gjelder tilkomst og maskinell beiterydding

### Friluftstinteresser

Det går ein gangsti tvers over teigen i den austre delen.

Passasje gjennom teigen kan tas hensyn til ved eventuell utbygging dersom det vert stilt krav til det.

Forøvrig er store delar av utmarka alt bunden i Fossavatnet neturreservat.

Slik har garden alt bidratt betydeleg til å ivareta friluftstinteressene i området.

### Fortidsminne

Eg kjenner ikkje til fortidsminne på teigen som kan koma i konflikt med ei utbygging.

### Omsyn til strandsona

Teigen ligg langt frå strandsona samanlikna med en del anna areal som idag er avsett til bustadbygging på nedsida av fylkesvegen. Eventuell utbygging i dette området vil dermed ikkje koma i konflikt med andre interesser i strandsona.

### Trafikksikring

Det føreligg ein godkjent reguleringsplan for Fv 404 for etablering av fortau langs fylkesveien.

Eg har likevel full forståing for at det eventuelt blir lagt rekkefølgekrav i forhold til ei eventuell godkjenning av utbygging. Rekkefølgekrav vi difor verta akseptert.

### Kommunal strategi for sentral bustadbygging.

Slik eg har tolka planen så ynskjer Lindås kommune at utbygging i hovedsak skjer i nærleiken av der dei fleste tenestene blir levert.

Teigen ligg 3km frå Alversund skule. Her er det planlagt både idrettshall og nytt symjebasseng.

3km vil difor vera innanfor gang og sykkelavstand til skulen og dei aktivitetane som er knytta til den.

Slik eg ser det, så vil utbygging av denne teigen ikkje koma i nevneverdig konflikt med dette.

Eg ser fram til ein konstruktiv dialog med Lindås kommune, før innstillinga fra administrasjonen vert lagd fram for kommunestyret.

Vedlagt fylgjer kartutsnitt over den delen av teigen som i dag er regulert til bustadføremål.

Venleg helsing

Jostein Alvsvåg

